



Til grunneigarar på vedlagt liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tore Larsen, 57 64 31 26

Orientering og spørsmål om kartlegging av skog i samband med utgreiinga av ein mogleg Hornelen nasjonalpark

Vi viser til arbeidet med utgreiing av eit mogleg vern av delar av Hornelen-halvøya som nasjonalpark. Det blei i fjar halde tre informasjonsmøte om saka i Berle (13. april, 31. mai og 27. september), der det m.a. blei orientert om bakgrunnen for prosessen og det oppdraget Statsforvaltaren har fått frå Miljødirektoratet.

Ein føresetnad for at ein prosess kunne bli starta opp, var lokal aksept for å gjennomføre ei slik utgreiing av mogleg vern. Det var kommunen som skulle ta stilling til spørsmålet om lokal aksept, og dette blei i første omgang gjort gjennom følgjande kommunestyrevedtak 21. mars i år: «Bremanger kommune er positiv til at det vert sett i gong utgreiing om vern av Hornelen. Endeleg avgjerd om lokal aksept for vern av Hornelen eller ikkje, vert å komme tilbake til når verneframleggget er utgreidd og konsekvensane av eit eventuelt vern er vurdert».

Vern av skog

I alle potensielle verneområde som inneholder skog, skal skogareala handsamast etter regelverket for frivillig skogvern. Dette betyr m.a. at skogkledde område berre kan vernast dersom grunneigar gir samtykke til det.

Ordninga med frivillig skogvern kan du lese meir om her: <https://frivilligvern.no>. Normalt går ordninga ut på at skogeigar via ein skogeigarorganisasjon tar kontakt med Statsforvaltaren og tilbyr skog til vern. Statsforvaltaren vil da vurdere om det tilbodne arealet har naturfaglege kvalitetar som gjer det interessant for vern. Fordi vern av skog er frivillig, kan skogeigaren når som helst trekke seg undervegs i prosessen, fram til ein eventuell avtale om aksept av erstatningsbeløp er undertekna. Skogeigar får kostnadsfri bistand frå skogeigarorganisasjonane gjennom hele verneprosessen, inkludert skogtaksering, og vil få skattefri erstatning for skogområdet som blir verna. Erstatninga er basert på dagens verdi av skogen som står der, pluss verdien av framtidig skogbruk. Skogeigar avstår frå retten til å drive skogbruk i området, men beheld eigedomsretten, og jakt-, fiske- og beiterettar i området.

I dette tilfellet har Statsforvaltaren allereie gjort det klårt at vi er interesserte i å greie ut vern, også av skog. Prosessen blir dermed litt forenkla i starten. Men formelt er det behov for betre utgreiing av verneverdiane i skogområda, ettersom desse ikkje er like godt kjent som i resten av Hornelen-området. Fordi erstatningsutbetalingar for frivillig skogvern utgjer ein stor post på Miljødirektoratet



sitt budsjett, krev direktoratet at naturverdiane må vere godt kjende eller kartleggast før eit skogområde kan vere aktuelt for frivillig vern. Men før slik kartlegging kan skje, krev prosedyrane for frivillig skogvern at grunneigar/rettshavar må gi sitt samtykke til kartlegginga.

I første omgang treng vi berre å vite om du/de har innvendingar mot at det blir gjennomført kartlegging av naturverdiar i skogen. Eit samtykke til kartlegging betyr ikkje eit samtykke til vern av skog.

Skog i areal med eige gards- og bruksnummer

All skog innanfor det vi tidlegare har presentert som ei mogleg avgrensing av ein eventuell Hornelen nasjonalpark kan rekna som ønskeleg å inkludere i vernet. For å gjere dette så enkelt som mogleg, ber vi om tilbakemelding frå alle som eig skog på Hornelen-halvøya: Kan du akseptere at skogareal på din eide dom blir kartlagt for å undersøke om den har naturfagleg verdi? Skriv helst kva for eit gards- og bruksnummer svaret gjeld.

Skog i sameige/fellesareal

Her ber vi også om tilbakemelding frå alle som har rettar i sameige/fellesareal: Kan du akseptere at skogareal som du har rettar til i sameige/fellesareal blir kartlagt for å undersøke om den har naturfagleg verdi?

Statsforvaltaren har ikkje kjennskap til kva gards- og bruksnummer som er part i sameige eller andre fellesareal, men det kom fram under informasjonsmøta på Berle at i alle fall skogen mot sør (Storelia frå Båtneshaugen til Ølkona) er delt i teigar. I dette området ber vi om at det blir opplyst kva for ein teig tilbakemeldinga gjeld (gjerne vist på kart).

Definisjon av skog

Skog er ikkje klart definert i samband med frivillig vern, men det er ei felles forståing mellom miljøstyresmaktene og skogeigarorganisasjonane om at kratt og enkelttre ikkje blir definert som skog. Ved Hornelen ser vi at markslagskart (AR5) gir for dårleg uttelling for skogareal, mens skogrressurskart (SR16) tvert om definerer for mye som skog (t.d. har skuggeparti på flyfoto av fjellområda blitt tolka som skog). Definisjonen av skog må vi derfor kome tilbake til dersom skogvern blir aktuelt, i samarbeid med skogeigarorganisasjonane. Dersom du er i tvil føreslår vi at du tolkar arealet som skog, og melder tilbake om du gir samtykke til kartlegging av naturverdiar eller ikkje.

Tilbakemelding kan sendast i form av epost til tore.larsen@statsforvalteren.no eller brev til Statsforvaltaren i Vestland v/Tore Larsen, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger. **Vi ber om svar innan 5. august.**

Fordi vi ikkje har oversikt over kven som har rettar i sameige/fellesområde, blir dette brevet sendt til alle på grunneigarlista.

Vidare framdrift i saka

Med bakgrunn i innspel frå orienteringsmøta i Berle i fjar, vurderer vi å utvide arealet som er aktuelt for utgreiing av vern til også å gjelde sjøområda sør og aust for Hornelen-halvøya (som vist på møtet 27.9.). Både for å få til ei avgrensing som femnar om heile gradienten frå fjordbotn til fjell, og ikkje minst fordi skog er artsrike område av stor miljøverdi, er det ønskeleg å inkludere skog i ein eventuell nasjonalpark.

Vi vil arrangere eit nytt orienteringsmøte i Berle etter sommaren, der representantar for dei to store skogeigarorganisasjonane i Vestland fylke (Norskog og AT Skog) vil greie ut om frivillig skogvern. Men inntil da ber vi som sagt berre om å få kartlegge naturtypar og artar i skogen.



Med helsing

Silje Elvatun Sikveland
seniorrådgjevar

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Kjell Jarle Klubben
Inge Arve Nordheim
Ragnhild Svensnes
Emma Haugstvedt
Lars Klubben
Reidulf Magne Ødegård
Margun og Tor Steinar Aasetre
Bjarne Bendiksen
Kirsten Else Haukedal
Kristoffer Ståle Hunskår
Gunvald Ove Hunskår
Janne Midtbø og Rune Eikeland
Bjarne Ødegård
Eivind Lennart Førde
Jonny Liseth
Jan Inge Førde
Randi Johanna Fredheim
Arild Audun Liseth
Asbjørg Malene Midtbø
Einar Henning Ødegård
Per Ivar Førde
Annelise og Per Tore Ødegård
Karen H. Eikås Rylandsholm
Isak Berle
Marie Nyborg og Inge Johan Sylta
Arve Berle
Dag Magne Berle
Atle Karstein Berle
Inger Helene Berle
Kåre Berle
Sissel Gunn Berle
Øyvind Berle
Irene B. Kandal og Petter M. Kandal
Vidar Terje Davidsen
Arnolf Ytre-Hauge
Jorunn P. Ytre-Hauge og Reidar S. Ytre-Hauge
Ottar Kjell Furnes
Jon Nyheim
Elfie Enss

Bremanger kommune

Hornskorvegen 4, 6719 Skatestraumen
Nordfjordvegen 5142, 6773 Nordfjordeid
Prestagarden 35, 5730 Ulvik
Klasatjønnveien 35, 5172 Loddefjord
Klubben, 6727 Bremanger
Hornskorvegen 12, 6719 Skatestraumen
Mørjevegen 146, 3947 Langangen
Hornskorvegen 10, 6719 Skatestraumen
Hornskorvegen 16, 6719 Skatestraumen
Hornskorvegen 14, 6719 Skatestraumen
Måkevegen 9, 9990 Båtsfjord
Berleneset 448, 6727 Bremanger
Berleneset 440, 6727 Bremanger
Middagsteigen 30, 6810 Førde
Christian Erichsens gate 13, 1516 Moss
Berle 535, 6727 Bremanger
Berleneset 548, 6727 Bremanger
Slettevollen 3, 6908 Florø
Berleneset 593, 6727 Bremanger
Firdavegen 2 A, 6900 Florø
Ødegårdsvegen 7, 6727 Bremanger
Ødegårdsvegen 5, 6727 Bremanger
Berle 673, 6727 Bremanger
Berle 681, 6727 Bremanger
Berle 693, 6727 Bremanger
Svelgen Panorama 1, 6723 Svelgen
Beita 3, 6727 Bremanger
Spondalen 72, 5121 Ulset
Skogveien 36A, 1406 Ski
Vollebergvegen 63, 4647 Brennåsen
Olav Sindresonvegen 7, 6907 Florø
Kolstien 3A, 5097 Bergen
Hoplandsvegen 206, 6796 Hopland
Terregveien 4, 1363 Høvik
Berle 748, 6727 Bremanger
Berleneset 740, 6727 Bremanger
Berleneset 578, 6727 Bremanger
Berle 731, 6727 Bremanger
Berleneset 576, 6727 Bremanger

Postboks 104, 6721 Svelgen